



Kommunereforma - kommunestruktur Prosjektplan for sonderingsfasen (framlegg)

Mål for sonderingsfasen:

- Avgjera kva for alternativ det er aktuelt å ta vidare inn i utgreiingsfasen
- Peika ut maksimalt 3 alternativ
- Utarbeida mandat for utgreiingsfasen

Alternativ som skal vurderast i sonderingsfasen:

1. Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)
2. Fusa saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll.
3. Fusa saman med Kvam og Samnanger, evt. andre?
4. Fusa som del av Bergen kommune i lag med fleire andre kommunar, Her vert utgreiing gjort i regi av Bergensalliansen.

For alle alternativa kan evt. deling av kommunen og/eller grensejustering vera aktuelle, dette må vera tema i sonderingsfasen.

Effektmål:

- Vurdera alternativa opp i mot ekspertutvalet sine kriteria for framtidig kommunestruktur
- Fanga opp relevante haldningar, kjensler, realistiske moglegheiter
- Sikra best mogeleg effektiv ressursbruk
- Tilrå veggen vidare
- Tilrå korleis arbeidet skal organiserast i utgreiingsfasen

Prosessmål:

- Sikra at innbyggjarar og avgjerdstakarar opplever seg trygge på at relevante omsyn blir tekne med før ein tek avgjerd om kva alternativ ein går vidare med
- Sikra felles kunnskapsgrunnlag
- Sikra god dialog i prosessane fram mot avgjerd
- Tidleg få innspel på haldningar, kjensler, oppfatningar hjå innbyggjarane og andre relevante interessentar
- Sikra naudsynt forankring hjå relevante interessentar

Aktivitetar:

- Omtale av no-situasjonen for Fusa kommune. Dei aktuelle alternativa skal vera gjenstand for ein SWOT- analyse i høve ekspertutvalet sine kriteria for framtidig kommunestruktur,
- Sondera med kommunane Os, Samnanger, Kvam, Tysnes, Kvinnherad og Bergen.
- Felles sonderingar og eventuelt saksutgreiing med rådmennene i aktuelle kommunar.
- Dialog med innbyggjarane – gjennom t.d. folkemøte, sosiale media
- Leggja fram kortfatta omtale av alternativa, maks 2 sider pr. alternativ (Tyngre utgreiingar blir gjort i utgreiingsfasen der ein vil gå djupare inn i kompliserte spørsmål knytt til m.a. økonomi og juss.)



Organisering

- Prosjekteigar: Kommunestyret
- Styringsgruppe : Formannskapet + gruppeleiar frå Venstre.
- Prosjektansvarleg: Ordførar. Sonderingsfasen har flest politiske element, det handlar mykje om kjensler og kulturell identitet.
- Prosjektleiar :Rådmannen
- Referansegrupper: Ungdomsrådet, Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne, rådmannen si leiargruppe, hovudtillitsvalde.

Milepælsplan:

Kva tid	Kva	Kven
Februar	Etablere informasjonskanalar/sider på internett	Rådmann
Februar	Formannskapet deltek på møte etter invitasjon frå Kvam herad	Formannskapa i Kvam, Samnanger og Fusa
Mars	Vedtak om oppdrag for sonderingsfasen	Kommunestyret
Mars/April	Gjennomføra folkemøte	Ordførar. Kommunestyrerepresentantane skal inviterast med. Rådmann.
Mars/April	Gjennomføra møte med næringslivet	Ordførar. Kommunestyrerepresentantane skal inviterast med. Rådmann.
Februar/Mars/April	Møte med aktuelle kommunar	Ordførar Rådmann
Mars/April/Mai	Innspele frå referansegruppene	Ordførar Rådmann
Mai	SWOT- analysar m.v.	Kommunestyret
Mai	Samanstilling av resultat frå SWOT- analysar, folkemøter og innspel frå referansegrupper	Ordførar/rådmann, leggast fram for styringsgruppa
Mai	Utarbeida framlegg til vedtak	Ordførar/Rådmann
Mai	Utarbeida framlegg til opplegg for utgreiingsfasen	Rådmann
Juni	Vedtak og oppdrag for utgreiingsfasen	Kommunestyret

Suksesskriteria

- Klara å tilrå maksimalt tre alternativ for vidare utgreiing
- Definerer mål med framtidig kommune
- Definerer mandat for utgreiingsfasen
- Skapa tillit til prosessen, skapa forankring, harmoni og grunnlag for dialog
- Eigarskap til prosessen for heile kommunestyret
- God og representativ deltaking
- Klar arbeidsfordeling politikk/administrasjon
- Godt samarbeid med aktuelle kommunar, tid nok til å arbeida i lag
- Kartleggja tilstrekkeleg med interesse frå andre kommunar

Risikofaktorar

- Stram tidsplan
- Fråfall/sjukdom hos nøkkelpersonar



Opplegg for folkemøte:

Det vert halde folkemøte i denne fasen. Møta/et kan leggjast opp slik at ordførar, supplert av rådmann, held ein presentasjon om kva som er oppe til debatt no, kva retningslinjer som gjeld for prosessen og korleis innbyggjarane kan forventast å få informasjon. Aktuelle spørsmål: Kva kvalitetar er det viktig at vi tek med oss inn i framtidig struktur? Kva forventningar har du til framtidast kommune? Kva alternativ bør kommunen gå vidare med? Innspel frå folkemøte kan vera i form av spørsmål, kommentarar og svar på eit enkelt spørjeskjema.

Ordførar får ansvar for å gjennomføra folkemøte.

Kommunikasjonsplan:

Innhald	Kva tid	Korleis	Kven
Informera om prosess	Februar, mars	Heimesida	Rådmann
Invitera til folkemøte og andre møte	Mars, april	Os & Fusaposten, heimesida, brev til aktuelle instansar	Ordførar
Informera om avgjerd og oppdrag	Juni	Lokalavisa, heimesida	Ordførar og rådmann